



76. árgang - nr. 4, 2020. Tryggheim skular

# Tryggheimhelsing



## Glimt fra høstens aktiviteter


Se mer på s. 6-7



Ekstramødrene  
s. 4-5



Ei klissblaut skuleveke  
s.8-9



Åsmund, god sort  
s. 12-13

# KVA ER NØDVENDIG UNDER PANDEMIEN?

Koronapandemien fer over verda. Ministrane átvarar mot reiser som ikkje er nødvendige. Ordførarane gjekk ut med ei oppmoding no i november: *Stå saman – utan å vere saman.* Og vidare: *Vurder om det er nødvendig å ha det aktuelle arrangementet.*

Gjermund Viste // Rektor

## Livet i fugleperspektiv

Vi har dyktige ordførarar på Jæren. Det er ikkje tvil om at dei vil oss det beste. Dei vil verne om innbyggjarane sine, ikkje minst dei mest sårbare blant oss. Heile pandemien gjer noko med oss. Den stansar oss opp og får oss til å reflektere over det vi reknar som sjølvsegte ting i livet. Dei sosiale kontaktpunkta som skal reduserast

til eit minimum, dei er viktige – vi saknar fort fellesskapet med andre. Utanforskap, einsemd, relasjonar, det å høyre til og inkludering blir viktige stikkord.

## Eitt er nødvendig

Mange høgdepunkt i haust er avlyste eller utsette til våren. Det er trist, men vi greier oss. Mykje av dette er ikkje heilt nødvendig og avgjerande, i alle fall ikkje på kort sikt. Vi hadde PL (Pedagogisk Leiar møte) denne veka, og opninga var nettopp om det som er nødvendig. Vi vart minna Marias gode val i Lukas 10,42. Ho hadde valt den gode del. Eitt er nødvendig. Og Matias Orheim sin song: *Ved Jesu føter ei stille stund, Når orda kjem frå han eigen munn, Når eg med Jesus åleine er, Då er det hugnad å leva her.* Midt i ei travel tid treng vi denne påminninga om det som er nødvendig - å lytte til Guds Ord.

## Den einkilde eleven

I haust har vi sett denne reklamen: Ein kristen høgskule. Det unike med NLA er fokuset på enkeltmennesket. Her trur eg kristne friskular skårar høgt. Eg trur vi tilbyr noko ekstra, fokus på enkeltmennesket. På den eine sida har vi ein tydeleg ståstad – vi ønsker å vere ein friskule med ein tydeleg kristen profil. På den andre sida ønsker vi respekt som ein viktig verdi. Vi ønsker å skape føresetnader for at alle elevar, uansett ståstad, kristen eller ikkje-kristen og med forskjellige syn, skal føle seg respektert og akseptert.

## Menneskeverd

Læreplanane er skiftande, men menneskesynet er på dagsorden. Kva er eit menneske? Det kristne menneskesynet peikar på ein privilegert posisjon. Skapt i Guds bilde, gjenstand for Guds nåde og omsorg. Krona på skaparverket. Menneskeverdet er Gudgitt og gjeld frå befruktning til død. Kvar enkelt elev som kjem inn på skulane våre har eit Gudgitt menneskeverd uavhengig av prestasjonar - utan å ha prestert nokon ting! Om dette ikkje blir sagt med ord, er det vårt ønske at elevane vil merke dette i skulekvardagen, i møte med den enkelte i personalet.

# Barnet i krybben – starten på fornedrelsen



Kristian Birkeland // Lærer vgs

Når jeg tenker på jul, ser jeg fort for meg vakre julekort av stallen hvor Jesus ble født, krybben han ligger i, stjerneklar himmel, hyrder, engler, rolige dyr og de vise menn. På julekortene ser det så harmonisk og ukomplisert ut, men hvordan var det egentlig for Jesus? Er det ikke slik at barnet som lå i krybben også er Gud, jordens skaper som alltid har eksistert?

Mange av personene og hendelsene vi leser om i Det gamle testamentet forteller oss noe om Jesus. Mange ser paralleller mellom hendelser i livet til Josef, sønn av Jakob, og det som skjer med Jesus. Prøv å forestille deg hvordan det må ha vært for Jakobs favorittsønn at hans egne brødre river i stykker den flotte kjortelen han hadde fått i gave av far, kaster ham i en

brønn, selger ham som slave, og det at han i Egypt havner i fengsel beskyldt for voldtektsforsøk han ikke hadde gjort. Han fikk virkelig oppleve hvordan livet kunne gå fra å være bekymringsløst, sorgfritt og enkelt til det stikk motsatte på kort tid, en virkelig **fornedrelse**.

I Filipperbrevet skriver Paulus følgende om Jesus: Han var i Guds skikkelse og så det ikke som et rov å være Gud lik, men ga avkall på sitt eget, tok på seg tjenerskikkelse og ble mennesker lik. Da han sto fram som menneske, **fornedret** han seg selv og ble lydlig til døden, ja, døden på korset. *Fil. 2,6-8.*

Selv om verset inneholder noen vanskelige ord og formuleringer, kan vi forstå hovedessensen: Jesus ga fra seg privilegiene han hadde

som Gud og ble et menneske. Han dør til og med for menneskeheten. Å bli fornedret handler om å bli nedverdiggjort, noe ydmykende og skamfullt.

Det er lett å tenke seg at den delen av Jesu liv som må ha kostet, må ha vært de siste døgnene av hans liv. Faktum er at hele hans liv her på jorden, fra og med dagen han legges i krybben er noe Jesus, Gud, skulle sluppet å gjennomgå. På samme måte som Josef gikk fra å ha et «fantastisk» liv til trasige tider, slik må det også ha vært for Jesus å komme hit til jorden. Bibelen viser oss likevel at Jesus gjorde dette frivillig – med glede – fordi han elsker oss mennesker så høyt.

*Takk, Jesus, for at du ble menneske og døde for å kunne gi tilgivelse til oss mennesker!*

## Tryggheimhelsing

**Redaksjonskomité:**  
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)  
Sofie Braut  
Henrik Foss  
Knut Handeland  
Bjørge Topnes  
Knut Reier Indrebø (ungdomsskolen)

**Forsiden:**  
Kjemielevene (3ST) er klare for coronavennlig julegang (foto: Anne-Berit G. Aanestad).

**Kasserer:** Elisabeth Krogedal

**E-post Tryggheim skular:**  
post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.  
**Kontonr.:** 3000.23.29626

**Trykk og layout:**  
Synkron Media AS, Birkeland

## Tryggheimkalender

### JANUAR

Man. 4. Første skoledag etter jul  
Fre. 15. Slutt 1. halvår  
Man. 18. Start 2. halvår

### FEBRUAR

Uke 6-8. Leirskole VG1 (x3)

### MARS

Man. 1. - fre. 5. Vinterferie  
Man. 29. – tirs. 6.4. Påskeferie



# EKSTRAMØDRENE



– Me blir enormt glade i dei, som om dei var våre egne born. Det seier Vigdis Øyen og Anna Lindefjell Dyrøy om internatelevane på Tryggheim. Både hjartelege smil, gode ord, kjærleg trøyst, jamlege romsjekkar, praktiske tips og verbale dytt i baken inngår i det allsidige arbeidet deira. I haust har internatleiar Vigdis og nestleiar Anna 196 ungdommar under vengjene sine.

Tekst: Bjørg Topnes  
Foto: Vigdis Øyen og Anna L. Dyrøy

◀ Anna og Vigdis sentralt plassert i kantina på Tryggheim

Trass i koronatida er internata på Tryggheim sprengfulle. Som oftast husar dei flest første- og andreklassingar, men i år bur det fleire tredjeklassingar på skulen enn nokon gong. Dei blide og imøtekommande internatarbeidarane er glad i både ungdommen og arbeidet sitt.

- Me er i grunnen ganske overraska over at det er heilt fullt her i haust. Det ser ikkje ut til at foreldra er redde for å senda ungdommane sine hit sjølv i pandemitider. Me samarbeider godt med kommuneoverlegen om smittevern, seier Vigdis.
- I matsalen må elevane sitja med faste bord, og på stover og rom kan dei ikkje vera for mange. Her må me vera strenge, føyer Anna til, for det er ikkje lett for ungdommar å halda meteren. Me må tenkja annleis om det sosiale når ikkje alle kan vera i lag.

## Testkøyning

Anna er den som køyrer trengande til testing på Klepp. I førarsetet i minibussen sit ho munnbinddekorert med ein tilsvarande pynta ungdom plassert

heilt bakarst. Til no har verken ho eller internatelevar vorte smitta.

## Den gode samtalen

Internatarbeidet er sjølv sagt mykje meir enn smittevern.

- Det gildaste er kontakten med ungdommane, å få den gode dialogen med dei sjølv om me eigentleg skal skjenna - når dei sjølv ser kva dei har gjort og berre tek tak, seier Anna takknemleg. Ho har vore på internatet om lag ein dag i veka dei siste tre åra, og opplever arbeidet kjempekjekt og variert. At ho er sjukepleiar av yrke, er ein stor føremon, peikar Vigdis på.

Fartstida til Vigdis vert rekna frå 1999, og med svært høg trivselsfaktor har ho blitt verande. Arbeidstidsordninga er etter hennar eige ønske langt frå normalen: Meir eller mindre døgnet rundt er ho tilgjengeleg for elevane, på skuleområdet eller på telefonen. Berre i feriane tek ho seg heilt fri.

## Mor nummer to

- Vigdis er som ei mor nummer to. Ho skal veta kven som ikkje har det bra, og kven som vil eller må byta

rom, seier Anna.

- Dessutan veit me nok mange ting som andre ikkje veit, og me kjenner ungdommen frå ei anna side enn i klasserommet. Fortrulege samtalar får me også, seier Vigdis.

## Karamellrunden

- Ein vanleg arbeidsdag startar i matsalen der me tek i mot og ønskjer god morgon. Dei som er sjuke, sender oss melding, og me må smørja mat og sjå til dei, og gjerne bestilla legetime. Dei som er forkjølte, får me dessverre berre snakka med frå dørøpinga no, og kanskje må dei heller reisa heim. Elles går me rundar på internata og ser etter om det er vaska og i orden, fortel Vigdis som sjølv sagt kan namna på alle ungdommane.
- Kvar onsdag er det romsjekk, og då legg me att ein karamell viss det ser fint ut. Nokre får ein lapp om å lufta eller vaska. Andre treng ein å snakka med. Me prøver å halda oss orienterte om kven som kan trenga litt ekstra merksemd, legg ho til.

## Koselege lappar

- Noko av det beste er å bli møtt av koselege 'takk for jobben'-lappar.

Nokre etterlyser snopet eller ønsker seg ein bestemt farge på slikkepinnen. Ungdommen likar at me kjem. Eg trur det gjev dei kjensla av at nokon har litt kontroll med dei, og kan gje dei råd om klesvasken eller klargjera kor dopapiret kjem ifrå, seier Vigdis med sitt karakteristiske glimt i auget.

## Ein trygg heim

Kva tenkjer internatleiarane om forpliktinga som ligg namnet Tryggheim – ein trygg heim?

- Eg synest det er trygt her, seier Vigdis. Me seier heilt ifrå starten av at det å bu på internatet byggjer på tillit. Ungdommen må vera eigna, som det heiter, og kanskje er ikkje den som stadig forsøv seg eller bryt reglane eigna til å bu her. Då må me ta ein runde på det.
- Me klarer jo ikkje ha den same oppfølginga her som heime, seier Anna. Her er det meir ansvar som kviler på dei sjølv. Når den gode døgnyrtemen er på plass, går det godt.

## Ryddige rom

- Elevane er mykje ryddigare no enn for tjue år sidan då eg var internatbuar, fortel Anna. - Dei er nok flinkare når me sjekkar kvar veke, avsluttar ho før ho og Vigdis skal gå vidare på runden sin for å bidra til at ungdommen trivst, held meteren og har det godt og ryddig i dag også.



Anna set stor pris på kontakten med ungdommane



Internatleiar Vigdis slår av ein drøs med elektroeleven Tord Hegre



Kvar morgon møter Vigdis i matsalen for kaffi og drøs.



Biologielevene Katrine Torland, Heran Wodajo og Karina Slettebø studerer plantene de har funnet.



Victoria Vølstad ble den stolte vinner av høstens bordtennisturnering.



I disse tider må alle som skal inn på kveldsmøter og andre arrangementer registrere seg. Lisa Hjelleset og Karina Eikeland sørger også for at alle får litt «antibac» før de slipper inn.



Ungdomsbedriften Eplekjekkasane stilte ut på bærekraftskonferansen Pionér 2020 i regi av Næringsforeningen i Stavanger i oktober. F.v.: Nicolai Kvam, Mina Kristensen og Håvard Sandvik.

# Bilder fra høstens aktiviteter



Ungdomsbedriften Rosa Panter vant forretningsidekonkurransen som ble arrangert i møtesalen på Tryggheim i november. Bedriften utvikler pantedunker som skal gi inntekter til gode formål. F.v.: Elias Solvang, Oda Abrahamsen, Kornelius Haugstad, Mari Espeland, Leo J. Sama og Cecilie T. Houler.



Byggfagelever i aksjon



Nora Amin Raustein og Tiril Eldøy Salte har bygget et fettmolekyl.




Elektroleiv Andreas Bjerga (i midten) er ute i praksis og får god opplæring av montør Bjarte Lende og - ikke minst - tidligere Tryggheimlev Aina i Lyse.



Benjamin Frafjord og resten av klasse 2EE hadde en spennende og lærerik kursdag på anlegget til Lyse i Tronsholen i oktober.



Elever i 1STB bygger avanserte biologiske molekyler.



Byggfagelev Benjamin André Olsen (bak) fikk snauklippe de to lærerne sine Endre Urstad (t.v.) og Harald J. Dyrøy etter et veddemål som innbrakte kr. 15.300,- til misjonsprosjektet!



Russekiosken er åpen!



Rebekka Hammersland (t.v.) og Andrea Arroyo-Nymark i Furnifix UB gir nytt liv til gamle møbler.



Skaperglede på snekkerverkstedet - Atle Tonstad Leknes (t.v.) og Daniel Hetland lager kombinert blomsterkasse og hus til robotklipper.



Atle Grødem og Maria Andersen er henholdsvis økonomileder og PR-ansvarlig i snekkerbedriften Samson UB

# Ei klissblaut skuleveke

**Det handla mykje om vatn og stein då 9. trinn reiste på leirskule til Evjetun i slutten av oktober.**

*Tekst og foto: Knut Reier Indrebø*

Me trur det held vatn og har nok vårt på det tørre om me seier at alle deltakarane på leirskulen vart temmeleg blaute ein eller fleire gonger i løpet av veka dei var der. Det er vel kanskje ikkje å venta noko anna så lenge alle måtte fram med årer og redningsvestar for å gå i kanoen allereie første dagen. Det vart ei krevjande øving for mange, og berre kjekt for andre. Nokre gonger var det aller best å koma seg skikkeleg i bakevja – bokstavleg tala – andre gonger var det verkeleg ikkje det – i overført betydning.

## Hopp i havet!

Seinare måtte elevane gå i (ikkje på) vatnet for alvor: Denne gongen var det Otra sine mange stryk dei fekk prøva seg på. Det var mange engstelege ansikt å sjå før ein skulle ut i det våte elementet. Dette vart snudd til brottsjor av smil, latter og fryderop kvar gong ein segla ned eit stryk. – Dette var vanvitig kjekt, var ein av dei mest forsiktige kommentarane i etterkant.

Men ein trong ikkje gå over bekken etter vatn. Vatnet kom og tidvis ovanfrå, då himmelens sluser opna seg jamt og trutt. Sjølv om det faktisk vart periodar med opphald då det skulle køyrast gokart, var det ikkje fritt for sprut og dropar, og vatnet kom sildrande inn langs lår og legger til stader me ikkje skal nemna namnet på her.

## Viktig med tungt stoff

Innimellom la ein vekt på opplæring om stein, krystallar, bergartar og mineral. Sjølv om nokre nok syntest det var litt tungt med så mykje stein, såg dei fleste nytta av det dei hadde lært så fort dei sjølv skulle ut på skattejakt i grushaugane ved Mineralstien.

Trass alt dette fuktige og harde ein måtte gjennom, kom det ei stadig strøymande elv av positive kommentarar frå elevane. Faktisk var det knapt ein kommentar å høyra om at veret kanskje ikkje var på deira side. Dei ville jo blitt blaute uansett. Det *tørraste* i løpet av veka, var nok humoren til lærarane. Sjølv syntest dei han var steinbra.



*Foto: Torvald Reime*



*Torvald Reime på full fart gjennom svingen i ein av dei mest klåre augneblinkane på verfronten.*



*- Å læra om stein var litt kjedeleg, men det var kjekt å sjå på dei, seier Hanne Tengs, som her er i samtale med geolog Ronald Werner.*



*Mykje fascinerande – og verdifullt – å sjå på Mineralparken.*



*Eitt av dei definitive høgdepunkta på årets leirskule. Før dei sette ut på elva, var mange elevar temmeleg nervøse. Etterpå? Vel, kva trur du?  
Foto: Helene Berentsen Kalleberg*



*Ein armada av kanoar og oransje vestar såg ikkje ut til å skremma nokon. Foto: Norunn Marie Nord-Varhaug*

# Pengar veks visst ikkje på tre

**Kvar kjem pengane frå? Kva brukar du pengane dine til? Kor mykje kostar det å driva ein familie? 10.-klassingane på Tryggheim ungdomsskule lærte seg å stilla viktige spørsmål om eigen økonomi då dei hadde ekte bankfolk på besøk.**

Tekst og foto: Knut Reier Indrebø

Å kunna styra sin eigen økonomi er sjølvsagt svært viktig for å meistra livet. Difor er det svært takksam at Jæren Sparebank kvar haust tilbyr tiandeklassingane på Jæren kurset «Vokser pengar på tre?»

Dette året var det heile åtte tilsette frå Jæren Sparebank som var innom. Dei famna svært mange spørsmål dei to timane dei snakka med kvar klasse. Elevane fekk kjennskap til ulike omgrep som blir viktige for dei framover, og dei fekk prøva seg på oppsett av budsjett og spareplan. I denne samanhengen vart også ungdommane utfordra til å tenka gjennom sine egne prioriteringar. Kva er det du må ha, kva er det som er kjekt å ha, og kva kan du klara deg utan?

## Mange nyttige tips

- I framtida trur eg det å laga eit budsjett for året og månaden vil vere smart og nyttig. I tillegg har eg forstått kor lurt det er å betala varene med ein gong, og alltid spare litt heile tida, seier Ole David Haavardsholm. Også Hanne Halsne Sunde, Amalie Sleveland og Rebecca Vigrestad tok med seg nyttig kunnskap.

- Eg lærte blant anna at det finst fleire typar lån, at nokre av dei er veldig dyre, og at andre er billigare og kanskje lurare å ta opp, seier Hanne. Rebecca vart nesten sjokkert:  
- Viss eg brukar 50 kr kvar dag i veka, blir det sjukt mykje meir pengar enn eg trudde. Eg er mykje meir forsiktig med kva eg brukar pengane min på no enn før. Amalie peikar på at dei fekk vita litt meir om kva dei ulike tinga kostar når ein skal drifta Familien AS, og kva som er normalt med tanke på inntekter og kostnader. Visste du forresten at tenåringar er dei aller dyraste i drift? I snitt kostar ein 14-åring 6205 kroner per måned – og endå meir om poden skal ha det siste innan mote og teknologi. Då er det kanskje på plass at tenåringen bidrar litt heime også?

**– Bankfolk kjem med fakta, ikkje meiningar**  
Dei tre tiandeklassingane er i alle

fall tydelege på at det var greitt at det var bankfolk som underviste dei i dette emnet, og ikkje lærarar.  
- Det er meir spennande enn å lære av ein lærar, seier Amalie.  
- Dessutan kan dei dette og brenn for dette. Du kan føle deg trygg på informasjonen dei gir, mens viss ein lærar hadde undervist, ville han eller ho undervist ut meir ifrå egne meiningar, legg Ole David til.  
- Det er litt på same måte som om me skulle ha lært om kosthald eller liknande. Då hadde det vore mykje lettare å høyre på ein lege eller sjukepleiar enn det det kanskje hadde vore å berre høyrt på læraren, seier Hanne.

## Økonomieksperterane frå Jæren

Sparebank understrekar på si side at det ikkje berre er ungdommane som bør utfordrast til å tenka gjennom forbruket sitt, men at også vaksne kan ha god nytte av å ta den runden.



Amalie Sleveland, Hanne Halsne Sunde, Rebecca Vigrestad og Ole David Haavardsholm.

Ole David Haavardsholm, Rebecca Vigrestad, Hanne Halsne Sunde og Amalie Sleveland har blitt meir forsiktige med kva dei brukar pengar på etter å ha hatt undervisning frå Jæren Sparebank.



## Leiarhjørnet

# Førebilete

**Kven er ditt eller dine førebilete? Kven hugsar du tilbake på med glede og med takk?**

Tekst: Tron-Arild Grødem

Mona Sætre talte på Nærbo bedehus i slutten av oktober. Ho sa at veldig mange trekkjer fram mormor når dei skal fortelja om kven som har fortalt dei om Gud. Mormor - besteforeldre - er personar som for mange har vore med på å leggja grunnlaget for borna si gudstru. Eg tykkjer det er fantastisk flott. Eit fang, ei forteljing frå Bøkenes Bok, var med og sette varige spor i eit barnehjarta. Det er tankevekkjande og må gje alle

besteforeldre fornya håp om at det nyttar og at det er viktig.

Rundt om i heile Noreg er det personar som veke etter veke stiller opp for born og ungdommar. Personar som brenn for Jesus og som nyttar time etter time, år etter år som leiarar i sundagsskulen, barnelag og på ungdomsklubbar. Det er personar som er heltar og førebilete for dei unge. Personar som er med på å forma og setja

spor etter seg.

Kvar dag har personalet på Tryggheim mange treffpunkt med elevane sine. Treffpunkt som me høyrer i ettertid var med på å setja varige minne i eit anna menneske. For eit perspektiv! For ein moglegheit me har som kvar dag får ha desse møtepunkta med ungdommane på Jæren.



Tron-Arild Grødem

# Åsmund, god sort

Den yngste vaktmeisteren på Tryggheim har ein lidenskap som gjer at han lever i konstant fare for å hamne på Norge Rundt. Åsmund Susort (34) frå Tysvær lever godt med det trugsmålet.

Tekst: Knut Handeland  
Foto: Knut Handeland og Åsmund Susort

I løpet av nokre minutt forvandlar han ein under gjennomsnittet interessant trekubbe til ein pynte-sopp og viser at lidenskapen dreier seg om sterk formingsglede og sans for å finne fram fantasifulle former frå faste fibrar. Han er vaksen opp på eit småbruk ved Kårstø, og trur han har blitt inspirert av morfaren som begynte å laga møblar og småting i tre då han blei eldre. Men det var først då han som vaktmeister på Val vidaregåande skulle lage seg ei skohylle, at han for alvor fekk sansen for trearbeid.

Saman med kone frå Nærbø og to små barn bur han berre ei granlengde frå snikkarverkstaden på Tryggheim. Sjølv sagt har han likevel innreia snikkarverkstad i kjellaren og, ei mannehole fylt med så mange og så kvasse handverktøy at dei kunne korta inn 30-års krigen til ein blodig lunsjpause.

Med ei respektabel samling gamle økser, kan han truleg bidra med god realkompetanse viss det trengst kurshaldarar i den omsegripande økse-pedagogikken.



Det dreier seg ein del om dette

– Eg likar kvasse ting, sa Åsmund ein dag og kom med eit velassortert utval knivar med vasne eggjar frå skulekjøkkenet. Ikkje berre kjøkkenpersonalet nyt godt av dugleikane hans, mange elevar har lært både dreing, skjering, sinking, kvessing og tips & triks om gamle tre. For ungdomsbedriftene som lagar treproduktar er han eit funn og for ungdomsskuleelevar med underskot på praktiske gjeremål er han eit fordomsfritt, tatovert lågterskeltilbod med eigen tohjulstraktor.

– Ti år i anleggsbransjen, eitt år på bibelskule og eitt på Val, og nå Tryggheim. Kva ville du arbeidd med viss du kunne velje uavhengig av din formelle kompetanse?

– Eg kjem faktisk ikkje på noko anna eg heller ville vore! Eg har det så fint her at ingenting anna freistar. Å få driva mykje med trearbeid og så all den elevkontakten; eg har det heilt topp!



Høg trivsel med kort veg til verktøy



Noko av produksjonen



Fine kombinasjonar av ulike tresortar

## Visste du at..?

Ingrid Katrine Løvbrekke (ST 09-12) og Jonathan Nodland Vold (EL 10-12) giftet seg 9. mai

Janne Nese (ST 06-09) og Olav Alexander Lende (ST 06-09) giftet seg 24. oktober

Mai Leine Fløysvik Hæåk (ST 12-15) og Tom Vaugham giftet seg 24. oktober

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne lista. Send e-post til [aanestad@tryggheim.no](mailto:aanestad@tryggheim.no), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

# Jobba inn 200.000 på ein dag

**Elevane arbeidde for ei god sak fredag 23. oktober.**

*Tekst: Henrik Foss  
Foto: privat*

Då Tryggheim vgs. arrangerte den årlege Operasjon Misjon-dagen, jobba elevane inn totalt 200.000 kroner til årets innsamlingsprosjekt. Fleire arbeidde i hus, heim og på ulike arbeidsplassar, mens andre elevar selde støttebevis.

Pengane skal gå til Norsk Luthersk Misjonssambands arbeid i Vest-Afrika. Elfenbenskysten og Mali har vore og er prega av uro og konflikter. Ein stor del av befolkninga kan ikkje lese og skrive, og mange av innbyggjarane har ikkje høyrte om den kristne bodskapen. Årets misjonsprosjekt på Tryggheim gjer at fleire folkegrupper får høyre om Jesus, barne- og ungdomsarbeidet får støtte, og livsvilkåra i landa blir betre gjennom lese- og skriveopplæring og jordbruksprosjekt.

Skulen takkar elevane for stor innsats under OM-dagen fredag 23. oktober!



*Sven Olav Lye jobba i fjøset under OM-dagen.*



*Andreas Vatland var med driftsavdelinga på Tryggheim og rydda mellom anna på helse- og oppvekstavdelinga på skulen.*



*Gina Sørli arbeidde heime då OM-dagen blei arrangert.*

## Tryggheim skal utdanne gravemaskinførarar

**Seksjonsleiar Bjarte Gudmestad er i gang med å rekruttere lærar og skaffe graveområde til oppstarten av Vg2 anleggsteknikk.**

*Tekst og foto: Henrik Foss*

Tryggheimhelsing har aldri vore kjent for gravande journalistikk, men i framtida kan fleire «gravesaker» bli trykte i bladet. Sidan Tryggheim blei vidaregåande i 1983, har skulen utdanna tømrarar og snikkarar. Frå hausten 2021 skal avdelinga for bygg- og anleggsteknikk for første gong utdanne elevar som vil bli gravemaskinførarar.

### Planleggingsfase

Skulen har lyst ut stillinga som lærar for Vg2 anleggsteknikk, og søknadsfristen går ut 10. januar. Seksjonsleiar Bjarte Gudmestad for bygg- og anleggsteknikk er nøgd med responsen så langt. - Det finst interesse og søkarar. Skulestyret skal tilsette den nye læraren i byrjinga av februar. Årsaka til at vi ønsker å avgjere

lærarspørsmålet allereie eit halvt år før skulestart, er at den nyttilsette får påverke planleggingsfasen, seier Bjarte.

Seksjonsleiaren jobbar samstundes med å skaffe område til å grave. - Vi arbeider for å finne reelle oppdrag til elevane. Viss vi kan gjere jobbar for ein bonde eller andre oppdragsgivarar, vil vi seie ja til det. Å gjere gravejobbar for folk er noko vi kan gjere sidan vi kjem til å vere ein liten skule når det gjeld dette programområdet, noko som gjer oss meir fleksible, seier Bjarte.

### Inspirerte av andre


I planleggingsfasen har seksjonsleiaren og byggtteknikk-lærar Harald J. Dyrøy vore innom fleire skular som tilbyr anleggsteknikk. Dei har mellom

anna besøkt den kristne friskulen Tomb vgs. i Råde i Viken for å bli inspirerte.

- Anleggsteknikk-elevane på Tomb får løyse reelle graveoppdrag, både på garden på eigen skule, men òg for andre. Vi arbeider i tillegg for å finne øvingsområde som vi skal bruke i opplæringa, men har tru på at elevane blir ekstra motiverte av å løyse reelle oppdrag. Det er slik tømrarelevane våre arbeider, seier Bjarte og opplyser at anleggsteknikk-elevane skal ha praksisperiodar i ulike bedrifter både om hausten og våren. Seksjonsleiaren satsar på å fylle anleggsteknikk-klassen med 12 elevar hausten 2021. Skulen kjem til å leige maskinane som elevane skal bruke.



Returadresse:  
Tryggheimhelsing  
Tryggheimveien 13  
4365 Nærbø



## Samtalekort med gode minner

499 kr

Bestilles på [www.eldregningen.no](http://www.eldregningen.no)



Annonse



## Mangler du en eller flere julegaver?

Vi har fortsatt jubileumsboken «Mot høgare mål» til salgs, nå til spesialpris for Tryggheimhelsings lesere: kun kr. 250,-

Ring inn din bestilling til resepsjonen: 51 79 80 00 eller send på e-post til [post@tryggheim.onmicrosoft.com](mailto:post@tryggheim.onmicrosoft.com)



Vi ynsker alle våre  
lesarar ei velsigna  
julehøgtid og eit godt  
nytt år!

